

# Språkrådet 2005



# Innhold

Nye vegar i norsk språkpolitikk .....	2
Omorganisering .....	6
Rettskriving, ordbøker og ordlister .....	8
Terminologi og fagspråk .....	9
Skule og undervisning.....	10
Høgre utdanning og forskning.....	13
Lov om målbruk i offentleg teneste .....	15
Norsk språk og IKT .....	17
Stadnamn .....	19
Rådgeving og informasjon .....	20
Nordisk og anna internasjonalt samarbeid.....	23
Andre tiltak .....	25
Administrasjon.....	26

# Forord

Arbeidet med omdanningen av Norsk språkråd til et nytt kompetanseorgan for norsk språk fortsatte i 2005. Da Norsk språkråd opphørte 31. desember 2004, tok den nye institusjonen straks over og fikk i mai 2005 navnet Språkrådet.

De to store sakene dette året var utredning av strategier for en framtidig språkpolitikk og arbeidet med den ytre og den indre organiseringen av Språkrådet. Utredningen *Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringsens tidsalder* fra en gruppe nedsatt av interimsstyret ble lagt fram på en større konferanse i Bærum i oktober. Forslag til organisasjonsmodell ble sendt Kultur- og kirke departementet sommeren 2005.

Mange av de viktigste oppgavene fra Norsk språkråd ble ført videre i 2005. Ikke minst ble det lagt ned et stort arbeid i språklig rådgivning, gjennomgang av ordbøker og ordlister, tiltak for å stimulere arbeidet med terminologi og samarbeid i nordiske fora og prosjekter.

Årsmeldingen er skrevet dels på bokmål, dels på nynorsk.

Oslo, 13. juni 2006

Tove Kristin Karlsen  
styreleder

Sylfest Lomheim  
direktør

# Nye vegar i norsk språkpolitikk

**T**USENÅRSSKIFTET markerte eit skifte også på det språkpolitiske området. Land etter land i Europa har gripe tak i situasjonen til nasjonalspråket og vurdert kraftige kulturpolitiske verkemiddel for å sikre at nasjonalspråket ikkje kjem i ein underlegen posisjon i sitt eige land.

Ein kan sjå omdanninga av Norsk språkråd i lys av dette. Det er ei omdanning både langs ei organisatorisk og ei språkpolitisk linje. Mange vil hevde at det har vore den same språkpolitikken like sidan jamstillingsvedtaket i 1885. Denne språkpolitikken har ført til målstrid, ein strid som i all hovudsak har vore til gagn for landet. Den klassiske målstriden er nok ikkje over, det viste brenninga av nynorskordlister i valkampen 2005, men det ser ut til å vere semje om at kreftene no må samle seg om målkamp – kamp for det norske målet (bokmål og nynorsk) i Noreg. I 2004 presenterte dei komande regjeringspartia eit program for ei ny kultursatsing. Eit av punkta handla nettopp om å styrkje norsk språk.

Fram til 2005 har det vore tre generasjonar språknemnder. Den første var

*Norsk språknemnd*, som verka frå 1952 til 1972. Den tjueårsperioden var prega av tilnærming. Neste generasjon var *Norsk språkråd*, som var i verksemd frå 1972 til 2004. Den trettiårsperioden var prega av konsolidering: Bokmålsrettskrivinga vart opna igjen for tradisjonelle riksmålsformer, og den tvungne tilnærminga vart formelt avblåsen av Stortinget i 2002. Den tredje og siste perioden tok til som ein omdanningsprosess i 2004. Den nye institusjonen vart skipa 1. januar 2005 og fekk noko seinare namnet *Språkrådet*.

**A**RBEIDET MED den nye språkpolitikken Aprega året 2005. Frå oktober 2004 til oktober 2005 hadde Språkrådet eit utval i arbeid, leidd av professor Gjert Kristoffersen frå Universitetet i Bergen. Mandatet gjekk ut på å analysere utfordringane og farane som det norske språket står framfor, og å setje opp mål og strategiar for tiltak og handling.

Gruppa la fram utgreiinga si i Bærum kulturhus 27. oktober 2005. Dei hadde kalla dokumentet *Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder*, og både utgreiinga og

«For å sikra at norsk held fram som nasjonalspråk, må det utformast ein samla språkpolitikk for framtida. Språkpolitikken må forankrast i tre demokratisk baserte rettar: retten til nasjonalspråk, retten til morsmål og retten til framandspråk.»

(*Norsk i hundre!* s. 5)

«Det overordna målet for politikken må ikkje berre vera å sikra at nynorsk og bokmål skal kunna brukast og også bli brukte på alle område i samfunnet. Norsk må også bli det naturlege valet i alle situasjonar der det ikkje er nødvendig å bruka framandspråk.»

(*Norsk i hundre!* s. 5)

temaet fekk ein god del mediemerksemd, ikkje minst i *Aftenposten*. Der gjekk debatten om norsk i høgre utdanning og forskning frå november 2005 til langt fram på vinteren 2006.

Utgreiinga omtalar fleire viktige mål. Det første og viktigaste er å sikre bruken av norsk språk i det norske samfunnet. Dette er ei problemstilling som var uaktuell for femti år sidan. Då ville ei slik målsetjing bli møtt med undring og overrasking. I dag er det slik at sjølv om norsk ikkje er direkte truga i nær framtid, er ein beredskapspolitikk likevel nødvendig. Engelsk står monaleg sterkare her i landet i dag enn berre tjuo år attende i tid. Difor er det vel få som trur at det er mogeleg å tryggje norsk språk i framtida utan at landet fører ein svært aktiv politikk for det.

**PRESSET MOT** norsk kjem både utanfrå og innanfrå. Målingar viser at heller ikkje haldningane til norsk språk blant nordmenn er botnsolide. Ei rundspørjing som er omtala i *Norsk i hundre!*, viser at 20 prosent er klare til å gje opp norsk, om høvet byr seg. Engelsk som høgstatusspråket står med andre ord

sterkt. Situasjonen blir omtala slik (s. 19 i utgreiinga):

*I Norge, som i mange andre land, har det nasjonale språket kommet under press. Det påvirkes og fortrennes av angloamerikansk, som er globaliserings språk. Norsk er i ferd med å bli et underlegent språk. Dette har dyptgripende konsekvenser kulturelt sett, men også for makt og demokrati.*

Utgreiinga konkluderer med at det er solid grunnlag for å be regjeringa arbeide fram ein samla språkpolitikk. Det blir viktig i den nye politikken å syte for at alle sentrale statsorgan tek språkpolitiske omsyn. Truleg er det framleis tenlegast å forankre språkpolitikken i eitt departement, Kultur- og kyrkjedepartementet, men omtanken for språkbruken må gjere seg gjeldande på eit overordna, tverrgåande nivå i regjeringa og involvere både Statsministerens kontor og dei ulike departementa. Særleg viktige er Kunnskapsdepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og den tverrdepartementale gruppa for IT-utviklinga. Mange politiske avgjerder har språklege implikasjonar. Då må ein skape medvit om det.

### Utgreiing av strategi for ein nasjonal språkpolitikk:

professor Gjert Kristoffersen (leiar)  
distriktsredaktør Hans-Tore Bjerkaas  
(fram til mars 2005)  
underdirektør Kari Bjørke  
førsteamanuensis Jan Olav Fretland  
professor Guri Hjeltnes  
(frå mai 2005)  
professor Torlaug Løkensgard Hoel  
forfattar og språkvtar Helene Uri  
adjunkt Johanna Ferstad Økland

Melding om tilstanden for norsk – ikkje berre ei melding om bruk av nynorsk i staten, som i dag – bør gå til Stortinget med jamne mellomrom. Det vil gjere det klårt at nasjonalforsamlinga har ansvar for å følgje med i korleis stillinga for norsk endrar seg.

**I**KOMMENTARANE TIL *Norsk i hundre!* har styret vore oppteke av at det igjen blir lovfesta at norsk skal vere undervisningsspråk i høgre utdanning. Styret har òg streka under ansvaret for å halde oppe norsk fagspråk på vitale samfunnsområde.

Nytt i den norske språkpolitiske diskusjonen er at det som skjer i barnehagane og grunnskulen, må stå i sentrum for den språkpolitikken som no skal utarbeidast. Skal språkbrukarane i framtida traust kunne bruke og ta vare på norsk, er løysinga å satse på god språkstimulering i tidleg alder. Forsking viser at haldningar utviklar seg alt i førskulealderen. Eit ledd i ein slik strategisk politikk er å sikre at barn har rikeleg tilgang på bøker, filmar og data-program på norsk (bokmål og nynorsk). Språket i bruk gjev språket liv. I utgreiinga som Utdanningsdirektoratet la fram i 2005, *Framtidas norskfag*, heiter det (s. 18):

*Det er mange krefter i samfunnet som påverkar språkutviklinga, for eksempel medium, næringsliv og reklame. Ein skole som ikkje satsar på haldningar til språk, vil la desse kreftene få fritt rom.*

**D**ET MÅ LEGGJAST til rette for å forstå at dei etter måten små kostnadene for samfunnet som ein strategisk språkpolitikk fører med seg, er investering i verdiar som vanskeleg let seg måle. Samfunnsnyttan ved å halde oppe det norske språket, samstundes med at folk blir stadig flinkare til å bruke engelsk (og andre språk) når det trengst, er det uråd å kostnadsrekne. Og dét er snarare eit uttrykk for at verdien er ufatteleg stor enn at han er liten.

Språkrådet treng formell og politisk ryggstø for å fylle samfunnsoppgåva si tilfredsstillande. Styret har gjort det klart at det ser det som både naturleg og nødvendig at Stortinget i lovs form slår fast føremålet med Språkrådet – kva rolle, verkeområde, ansvar og fullmakter statens språkorgan skal ha, og kva språkpolitikk organet skal forvalte.

Gjennomgangstonen i utgreiinga *Norsk i hundre!* og i oversendingsdokumentet frå styret til departementet er at framtida for norsk ikkje kan avgrensast til å bli eit spørsmål om kulturell beredskap. Det er tale om praktisk og målretta politikk på alle område av samfunnet.



## Tolv avgjerande tiltak

1 Språkpolitikk må ikkje avgrensast til kulturpolitikk. Heile forvaltninga og samfunnet elles må trekkjast inn i språkpolitikken.

2 Det må utformast ein samla språkpolitikk, behandla i Stortinget, som omfattar forholdet mellom norsk og engelsk, forholdet mellom nynorsk og bokmål, normering, minoritetsspråk og arbeidet med forståeleg språk i forvaltninga.

3 Overordna språkpolitiske mål må leggjast til grunn i all politikktutforming.

4 Språkpolitikken må baserast på tre rettar: rett til nasjonalspråk, rett til morsmål og rett til framandspråk.

5 Formålet og verkeområdet til Språkrådet må slåast fast i lov. Ei av oppgåvene til Språkrådet må bli å føra tilsyn med at dei tre rettane blir respekterte, både i anna lovgjeving og i praktisk politikk.

6 Alle elevar må utan omsyn til morsmål få systematisk trening og rettleiing i å uttrykkja seg på norsk i alle fag, munnleg og skriftleg.

7 Medvitet til lærarane og elevane om norsk som kulturfag og som eit identitetsskapande og haldningsdannande fag må styrkjast. Det same gjeld bruk av norsk som ledd i å styrkja norsk fagspråk og fagkultur.

8 Det må takast inn i *lov om universiteter og høyskoler* at universitetssektoren har eit viktig ansvar for at norsk fagspråk blir utvikla og brukt innanfor alle fagmiljø, i tillegg til engelsk og eventuelt andre språk. Lova må krevja at institusjonane utarbeider språkstrategiar som mellom anna spesifiserer korleis ein skal nå målet.

9 Næringslivet må trekkjast med i arbeidet til Språkrådet, for å sikra at norsk også på dette området blir brukt i alle situasjonar der bruk av eit framandspråk ikkje er nødvendig av kommunikasjonsomsyn.

10 Handlingsplanen for norsk språk og IKT frå 2001 må følgjast opp.

11 Staten må bruka marknadsmakta si aktivt der det er mogleg, for å sikra at kommersiell programvare og andre språkbaserte produkt som blir brukte i det offentlege, blir gjevne ut i både bokmåls- og nynorskversjonar.

12 Språkrådet må gjerast til eit overordna, nasjonalt samordningsorgan med sterk kompetanse i fagspråk og terminologi og brei kontaktflate mot samfunnet, nasjonalt så vel som internasjonalt. Det må utviklast forpliktande samarbeidsformer for fagspråkleg kvalitetssikring mellom ulike fagdepartement, direktorat og andre offentlege instansar.

(*Norsk i hundre!* s. 9)

# Omorganisering

**P**LANENE OM å omorganisere Norsk språkråd til et mer utadrettet kompetanseorgan for norsk språk ble først offentliggjort i St.meld. nr. 9 (2001–2002) *Målbruk i offentlig teneste*. Planene ble senere omtalt i St.prp. nr. 1 (2002–2003) og i St.meld. nr. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014*. I St.prp. nr. 1 (2002–2003) skrev departementet:

«Den omlegging som skal skje, må ha som utgangspunkt at det er tale om å etablere en ny institusjon i stedet for Norsk språkråd. De fremste språkpolitiske utfordringene dreier seg ikke lenger om de tradisjonelle rettskrivnings- og normeringsspørsmålene, men mer om nødvendige tiltak for språkvern og språkstyrking, herunder å sikre norsk språks status og bruk på ulike samfunnsområder, språklig rådgivning, informasjon og opplysning, utvikling av norsk fagterminologi, spørsmålet om en norsk språkbank, språk og teknologi, tilsyn med den offentlige språkbruk og analyse og evaluering som grunnlag for utvikling og løpende tilpassning av formålstjenlige tiltak. [...]»



© Jon Grepstad

**E**N PROSJEKTSKISSE utarbeidet av departementet ble lagt fram 24. mars 2003, og spørsmål i samband med omdanningen ble så sendt til bred høring i januar 2004. Sylfest Lomheim ble tilsatt som direktør fra 1. januar 2004, og i februar 2004 bad departementet og Norsk språkråd inn til et dagsseminar. Fra seminaret foreligger

rapporten *Nye veier i norsk språkpolitikk*.

I juni 2004 oppnevnte departementet et interimsstyre til å lede arbeidet. Interimsstyret nedsatte i september 2004 en arbeidsgruppe under ledelse av professor Gjert Kristoffersen for å utrede strategier for en ny språkpolitikk. Strategidokumentet, *Norsk i hundre!*, er omtalt i foregående kapittel.



**L**OV OM NORSK SPRÅKRÅD ble opphevet fra 31. desember 2004. Den nye institusjonen som tok over 1. januar 2005, fikk navnet Språkrådet. Navnet ble fastsatt i brev 18. mai 2005 fra Kultur- og kirkedepartementet.

Sommeren 2005 sendte interimsstyret departementet et forslag til organisasjonsmodell. Modellen, som departementet senere i hovedsak har sluttet seg til, omfatter blant annet fire eksterne fagråd. Fagrådernes sentrale rolle skal være å sikre kontakt med samfunnet i vesentlige spørsmål. I sekretariatet skal det finnes en koordinator for hvert av fagrådene. Når det gjelder sammensetningen av organene, ble det foreslått at det skal være lik fordeling mellom målformene i styret og i det foreslåtte fagrådet for normering, og at det ellers skulle være tilnærmet lik fordeling mellom målformene i fagrådene sett under ett. Det blir arbeidet videre med mandatene for fagrådene i 2006.

I og med at interimsstyret overfor departementet har tatt til orde for at Språkrådet bør forankres i en lov, har styret gitt disse innspillene til et eventuelt lovarbeid:

- Organet bør få sin formelle makt i spørsmål ved lov.
- Fullmakter i normeringsspørsmål bør komme til uttrykk i lov.
- Det kulturpolitiske målet om at norsk skal være det samfunnsbærende språket i framtiden, bør formuleres i lov.
- Vernet for nynorsk som mindretalls-målform bør lovfestes.
- Staten, som sentral aktør og viktig forbilde i det norske språksamfunnet, bør binde sine plikter og oppgaver til lov.

Språkrådets sekretariat flyttet til nye lokaler i Observatoriegata 1 B i Oslo 19. august og ble samlokalisert med andre kulturinstitusjoner: ABM-utvikling, Nasjonalbiblioteket, Norsk barnebok-institutt, Norsk lokalhistorisk institutt, Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek ofl.



© Øyvind Nordahl Naess, VG / Scanpix

# Rettskriving, ordbøker og ordlister

**S**PRÅKRÅDET skal forvalte den offisielle rettskrivinga for bokmål og nynorsk. Frå 1. juli 2005 tok ein ny rettskrivingsnormal for bokmål til å gjelde, og det kom òg nokre endringar for nynorsk. Endringane førte med seg arbeid med nye ordbøker og godkjenning av nye ordlister til skulebruk.

## Ny rettskriving i bokmål

I bokmål vart sjølve rettskrivingssystemet forenkla – skiljet mellom hovudformer og sideformer er borte. Vidare har ein del lite brukte former gått ut or ordlistene, mens tradisjonelle former som er mykje brukte, er godkjende som ein del av den offisielle rettskrivinga.

Bakgrunnen var at Norsk språkråd sidan 1996 hadde arbeidd med framlegg om omfattande rettskrivingsendringar for begge målformene. Departementet tok endeleg stilling til forslaga i brev 16. februar 2005. Framlegget om ny rettskrivingsnormal for bokmål vart i hovudsak godkjent, men for nynorsk vart det berre gjort nokre mindre endringar i denne omgangen.

Våren 2005 arbeidd Språkrådet etter oppdrag frå departementet med å avklare nokre uklare punkt i rettskrivingsendringane. Språkrådet kunngjorde

deretter alle endringane på nettsidene 23. mai.

## Arbeid med ordbøker

Språkrådet gjekk i 2005 igjennom den nye utgåva av *Bokmålsordboka* og *Tanums store rettskrivningsordbok*, begge med den nye rettskrivingsnormalen. *Bokmålsordboka* kom i ny papirutgåve hausten 2005, og nettversjonen på nettstaden til Universitetet i Oslo vart oppdatert ved årsskiftet 2005/2006. Revidert utgåva av *Nynorskordboka* kjem i 2006.

I samband med den nye utgåva av *Bokmålsordboka* fekk forfattarane, dvs. Språkrådet og Universitetet i Oslo, gjennomslag for at boka i elektronisk versjon framleis skal vere gratis tilgjengeleg på Internett og ikkje del av ei betalingsordning knytt til forlag.

## Godkjenning av nye ordlister

Kultur- og kyrkjedepartementet har presisert at Språkrådet etter omdanninga framleis er godkjenninginstans for skuleordlister. Språkrådet hadde i 2005 til godkjenning 13 skuleordlister med den nye rettskrivinga, fire for nynorsk, ni for bokmål.



© Jon Grepstad

© Ole A. Buenget / Samfoto

# Terminologi og fagspråk

**S**PRÅKRÅDETS faggruppe for terminologi og fagspråk, «terminologigruppa», ble oppnevnt av styret i november 2004 og hadde et fullt arbeidsår i 2005. I 2006 blir gruppa avløst av et fagråd for terminologi og fagspråk som følge av omorganiseringen av Språkrådet.

Terminologigruppa skulle ikke selv drive praktisk terminologiarbeid, men stimulere til slikt arbeid og til annen aktivitet knyttet til terminologi- og fagspråksfeltet. Leder var Jan Hoel, Språkrådet, og gruppa hadde fire møter i løpet av året.

I november ble det på initiativ fra terminologigruppa arrangert en faglig dagskonferanse i Bergen i samarbeid med Norges handelshøgskole og Universitetet i Bergen. Konferansen hadde tittelen *Kan terminologi på norsk bidra til økonomisk lønnsomhet? Belysning av situasjonen innenfor fiskeri, havbruk og regnskapsførsel*. Innleggene fra konferansen blir utgitt i nr. 18/06 av høgskolens fagtidsskrift SYNAPS.

**T**ERMINOLOGIGRUPPA har satt i gang arbeidet med å oversette heftet *Guide to terminology* til norsk. Dette er en enkel innføring i terminologisk teori og metode samt praktisk terminologiarbeid. Heftet er allerede oversatt til flere andre nordiske språk. Den norske utga-

ven skal kunne brukes til selvstudium, men også ved høyere læresteder der det undervises i terminologi og fagspråk.

Språkrådets sekretariat hadde i april ansvar for en såkalt prosalong i regi av Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening. Temaet var terminologi og fagspråk og Språkrådets rolle på området før og nå sett i et norsk terminologihistorisk perspektiv.

**I**OKTOBER var Språkrådet invitert til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap i Tønsberg for å bidra med innlegg, råd og dåd under en hel-dagssamling i kollegiet for brannfaglig terminologi. Kollegiet er i ferd med å samle inn, bearbeide og konsolidere norsk terminologi på det brannfaglige området. Språkrådet vil ha en rådgivende rolle i kollegiets videre arbeid.

Sekretariatet har også deltatt i mindre terminologiprojekter med forskjellige hjemlige og nordiske miljøer.

Sammen med Norges televisjon, dvs. NRK, TV 2 og Telenor, og bransjeforeningen Elektronikkbransjen har sekretariatet utviklet norsk terminologi for digitalfjernsyn. Arbeidet er en videreføring og utvidelse av resultater fra et tidligere samarbeid mellom partene i

2002. Forbrukere, leverandører, politikere og journalister ble sett som de viktigste målgruppene for terminologien, som etter hvert blir lagt ut på NTVs nettsider.

På nordisk plan, innenfor Nordterm, har sekretariatet deltatt i to prosjekter.

## Faggruppe for terminologi og fagspråk:

Jan Hoel, Språkrådet (leder)  
Bjørn Buan,  
Sintef helseregister og klassifisering  
Knut Jonassen,  
Standard Norge  
Johan Myking, Nordisk institutt,  
Universitetet i Bergen  
Jorunn Danielsen Newth,  
Opera Software Norge  
Cecilie Ovrum,  
EØS-sekretariatet,  
Utenriksdepartementet  
Sissel Rike,  
Institutt for oversettelse og  
fagspråk, Høgskolen i Agder

# Skule og undervisning



© Bård Løken / NN / Samfoto

**S**KULEN er eit ankerfeste for norsk språk. Han har mykje å seie når det gjeld forståinga av den verdien morsmålet har for kulturelt fellesskap, identitetskjensle, læring og intellektuell utvikling. Dermed har skulen òg ei viktig oppgåve når det gjeld oppseding til språkleg toleranse.

## Fråsegn om læreplan i norsk

Språkrådet sende i mars høyringsfråsegn til Utdanningsdirektoratet om utkastet til ny læreplan i norsk for grunnopplæringa. Språkrådet meinte at utdanningsstyresmaktene i for stor grad overlét til forlaga og lærebokforfattarane å

bestemme kunnskapsinnhaldet i faget, ettersom planen berre gjev kompetansemål utan samstundes å definere innhaldet i viktige kunnskapsmål. Læreplanar er også språkpolitiske dokument, skreiv Språkrådet, og det inneber at ein læreplan for norsk må ha som grunnleggjande føremål å styrkje den norske språkkulturen, jamvel om til dømes språkendringsperspektiv må få god plass.

Språkrådet peikte elles på at framlegget om berre ein standpunkt karakter i norsk skriftleg på ungdomssteget var i strid med komitébehandlinga av St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*. I

Innst. S. nr. 268 (2003–2004) heiter det at «opplæringa i sidemål skal være gjenstand for vurdering på vanlig måte, på lik linje med andre skolefag». Språkrådet var imot å gjere sidemål til trekkfag i den vidaregåande skulen.

Språkrådet meinte det var positivt at læreplanen er ei «skrivekunnereform», med styrking av basisdugleikar i lesing og skriving, men at planen likevel var utydeleg i krava til langskriving i den vidaregåande skulen.

## Forum for nynorsk i skulen

Utdanningsdirektoratet skipa i desember 2005 eit forum for nynorsk i skulen med deltaking frå mange av dei viktigaste institusjonane for nynorsk: Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, Litteraturselskapet Det Norske Samlaget, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Noregs Mållag, Nynorsk kultursentrum og Språkrådet. Forumet skal vere ein møteplass for å utveksle informasjon og samarbeide om satsing på nynorsken i skulen, særleg med tiltak for elevar som har nynorsk som hovudmål. Eitt føremål er òg å betre haldningane til nynorsk som sidemål.

- Det er tenkt på tiltak for å
- sikre dei juridiske rettane til elevane
  - føre tilsyn med skuleeigarane (som har ansvar for å skaffe læremiddel som ligg føre på begge målformer)
  - følgje opp korleis retten til lærebøker og læringsressursar på begge målformer blir ivareteken
  - stø prosjekt som gjeld utvikling av læringsressursar på nynorsk
  - endre dei negative haldningane til nynorsk i bokmålsstrøk

Språkrådet har peikt på at manglande kontroll med læremidla fører til at nynorskelevar får bøker med så mykje bokmålsstoff at læremidla eigentleg ikkje kan kallast parallellutgåver. Ei anna innvending er at somme forlag lagar reine omsetjingar av bokmålsutgåva av lærebøkene i norsk i staden for at nynorskutgåvene blir utarbeidde særskilt etter dei behova nynorsken har. Språkrådet har dessutan etterlyst kriterium for at lærebøker skal kunne kallast fellesutgåver. Det finst bøker med nemninga fellesutgåve som inneheld berre 25 prosent nynorsk. Det er elles registrert påfallande lite nynorsktekstar i lesebøker/antologiar.



© Kerstin Mertens / Samfoto

### **Utgreiing av grammatiske termar til bruk i skulen**

Ei arbeidsgruppe oppnemnd av Utdanningsdirektoratet og Språkrådet utarbeidde i mai 2005 ei tilråding om grammatiske termar til bruk i skulen. Bakgrunnen er at den tradisjonelle skulegrammatikken på høgskule- og universitetsnivå har vorte avløyst av ein grammatikk som ligg nær omgrepa i *Norsk referansegrammatikk* (1997), utan at det har vorte vurdert kva konsekvensar dette skal ha for dei grammatiske termene som blir nytta i grunnskulen og den vidaregåande skulen. I den høgre utdanninga blir det i dag undervist om den nye ordklasseinndelinga, og det er lite føremålstenleg å halde fast ved eit system i grunnopplæringa som ikkje samsvarar med systemet i lærarutdanninga.

Arbeidsgruppa meiner at den nye referansegrammatikken er meir logisk og lettare å forstå enn den gamle, og ho har difor gjort framlegg om å innføre fleire nye termar i skuleverket. Dei mest sentrale termene vil likevel stå ved lag, så det er først og fremst på dei høgre utdanningsnivåa at endringane vil merkast. Arbeidsgruppa har lagt særleg

vekt på pedagogiske omsyn, og dokumentet er skriva slik at lærebokforfatarar lett kan gjere seg nytte av det.

### **Fråsegn om læreplan i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap**

Språkrådet gav i mai høyringsfråsegn om framlegget til læreplan i faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap. Fråsegna la vekt på dei krava som må gjelde for språkbruken i faget, og på språkbruken i utkastet til læreplan.

### **Nynorskкурset for vidaregåande skule**

Det interaktive nynorskкурset som Språkrådet la ut på nettet i oktober 2004, har vore mykje nytta og har fått mykje ros. Skriv-og-klikk-øvingane i kurset høyrer med til dei mest brukte sidene på nettstaden. I 2005 var det over 90 000 besøk på hovudsida for kurset, vel 50 000 besøk på sida for øvingar og 38 000 besøk på hovudsida for mini-grammatikken. Tilbakemeldingane frå både lærarar og elevar har vore positive. Kurset er særleg laga for elevar i den vidaregåande skulen som har bokmål som hovudmål, men kan òg brukast av elevar med nynorsk hovudmål.

### **Utgreiing av grammatiske termar til bruk i skulen:**

Øystein Jetne,  
Midtstuen skole i Oslo  
Marit Skarbø Solem,  
Høgskolen i Vestfold  
Olav Veka,  
Ringsaker vidaregåande skole  
Kontaktperson i Språkrådet:  
Sylfest Lomheim  
Kontaktperson i Utdannings-  
direktoratet: Tone Vindegg

# Høyere utdanning og forskning



© Robert Bråthen / Samfoto

«Det er gode pedagogiske grunnar til at den grunnleggjande undervisninga bør vera på norsk, og at engelsken bør komma i neste omgang. Ein annan grunn til at studentane må tileigna seg det norske fagspråket, er denne: God yrkesutøving etter at studia er avslutta, krev at dei kan formidla kunnskapane sine på norsk. Det gjeld til dømes lær-

arar, legar og ingeniørar. Skal vi lykkast i å sikra bruk av norsk innanfor sektoren, må samfunnet og institusjonane sjølv ta ansvar. Begynnarundervisning på norsk må lovfestast, og institusjonane må få pålegg om å utarbeida språkstrategiar som sikrar norsken si stilling.»

(*Norsk i hundre!* s. 6)

**UTREDNINGEN** *Norsk i hundre!* peker på høyere utdanning og forskning som et område der norsk er under press og kan risikere å bli marginalisert. Bakgrunnen for dette er den omfattende globaliseringen av universitets- og høyskolesektoren, der engelsk vinner fram som bruksspråk og fagspråk på stadig nye felt.

Bruken av engelsk i denne sektoren har vært omfattet med interesse og bekymring en god stund, og i 2003 fikk det daværende Norsk språkråd gjort den første undersøkelsen av vitenskapspråket i Norge. Rådet arrangerte samme år også en konferanse om dette temaet. Innleggene fra konferansen er senere utgitt i bokform.

Under arbeidet med *Norsk i hundre!* ble det tydelig at det mangler mye på vår kunnskap om tilstand og tendenser når det gjelder bruk av norsk, engelsk og andre språk i universitets- og høyskolesektoren. Som et forarbeid ble det derfor våren 2005 gjennomført en undersøkelse av norsk, engelsk og tospråklighet i høyere utdanning, finansiert i fellesskap av Språkrådet, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening og Universitets- og høyskolerådet. Ut fra resultatene ser det ut til at omfanget av undervisning på engelsk varierer mye, men materialet er begrenset, og det trengs mer kunnskap om dette.

**D**A *Norsk i hundre!* forelå høsten 2005, utløste dette en bred debatt i *Aftenposten*, som strakte seg over måneder og blant annet omfattet flere kronikker. Kritikerne av utredningen mente den ikke foreslo gode nok tiltak for å hindre svekkelse av norsk som akademisk fagspråk, og dette førte til at en rekke viktige spørsmål kom opp til drøfting. At disse temaene for første gang ble diskutert for alvor i et riksmedium, må sies å ha atskillig verdi i seg selv.

Men også andre viktige aktører kom på banen i 2005. Universitets- og høyskolerådet nedsatte et utvalg til å lage nasjonale språkpolitiske retningslinjer for sektoren. Dette var en naturlig videreføring av UoH-rådets arbeid med kvalitets-kriterier for publisering og formidling av forskning, to felt som begge er viktige akademiske språkbruksarenaer, men det ville kanskje ikke ha kommet i stand uten den oppmerksomheten som var skapt om disse temaene. Samtidig har også sentrale enkeltinstanser som Universitetet i Oslo vedtatt å utrede en språkpolitikk.

**ALT DETTE** vitner om at bruk av norsk som akademisk fagspråk nå er satt på dagsordenen for alvor, og også medarbeidere i Språkrådet har bidratt med innlegg på konferanser og i mediene. Språkrådet er tilfreds med å ha medvirket til å skape større oppmerksomhet og få fram mer kunnskap om dette språkpolitisk viktige feltet.



© Bjørn Rørslett / NN / Samfoto



# Lov om målbruk i offentlig teneste



© David Trood / BAM / Samfoto

**S**IDAN 1994 har Språkrådet hatt i oppgåve å føre tilsyn med statsorgan under departementsnivå når det gjeld gjennomføringa av lov om målbruk i offentlig teneste. Fram til og med 2001 auka talet på statsorgan som oppfylte kravet om minst 25 prosent nynorsk i «rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l.» (mållova § 8, forskriftene § 6). Frå 2002 har talet gått noko ned, og i 2004 låg det på om lag same nivå som i 1997. Særleg urovekkjande var tilbakegangen når det gjeld tilfang på over 10 sider.


I 2001 var det 42 statsorgan som oppfylte kravet om minst 25 prosent nynorsk i informasjonstilfang på 1–10 sider, i 2004 hadde talet felle til 29. Når det gjeld tilfang på over 10 sider, var det i 2001 32 organ som hadde 25 prosent nynorsk eller meir, i 2004 var det berre 15 organ som oppfylte kravet. Talet på respondentar var 154 i 2001 og 140 i 2004.

**N**ÅR DET GJELD nettsider, kartla Språkrådet i august 2005 fordelinga mellom bokmål og nynorsk på 173 nettstader. 49 av nettstadene hadde mindre enn 1 prosent nynorsk. Berre 52 hadde meir enn 5 prosent nynorsk. 10–12 nettstader hadde 25 prosent nynorsk eller meir. Alt i alt var det 6 prosent nynorsk på dei 173 nettstadene som var med i undersøkinga. Prosenttala må, som det er gjort greie for i metodemerknadene, tolkast med ein viss slingsringsmon.

For registreringsåret 2004 vart det rapportert om til saman 2020 skjema. Nesten halvparten – 915 – låg føre berre på bokmål. 840 låg føre på begge målformer, 265 berre på nynorsk.

Resultata viser at tilsynsarbeidet ikkje fungerer godt nok. På den eine sida har det dei siste åra vore brukt for lite tid på arbeidet i Språkrådet, på den andre sida har det mangla avgjerande verkemiddel i arbeidet. Direktørar for statsorgan kan år etter år sende inn rapportar med grove brot på mållova utan at det får konsekvensar for dei eller institusjonane deira.

Statsorgan med 25 % nynorsk eller meir 1994–2004 – absolutte tal



